



## KUNSTPROSJEKTET

Kunstutvalet ved Høgskolen i Bergen har i utviklinga og realiseringa av kunstplanen lagt følgjande nøkkelord til grunn: *Tid til å tenkje – Mot til å våge – Evne til forankring*. Utvalet ønskte at kunstprosjekta skulle famne desse ideane: kunst som er visuelt slitesterk, som går djupare inn i rolla høgskolen har som skapar av meining og samanhengar, kunst som produserer tankar, kritikk og motstand, kunst som vågestykke, kunst som kunnskap.

Utvalet har vore oppteke av å forankre kunsten i det som må reknast som den grunnleggjande verksemda til høgskolen: forskning, læring og formidling og utveksling av kunnskap. Utvalet meinte at utdanning og forskning er ein undersøkjande prosess der omgrep som undring, tvil og usikkerheit har kvalitet. Dette ønskte utvalet at kunsten skal reflektere. Vidare ønskte det at kunsten skal reise spørsmål om sjølvbiletet til institusjonen og evna til å gå djupare inn i rolla høgskolen har som skapar av meining og samanhengar. Tenkje, utfordre, med-skape – dette kan beskrive den kognitive plassen kunsten skal ta. At kunsten tek plass, visuelt og/eller kognitivt, har vore eit mål for utvalet. Men plassen han tek, vil òg vere den plassen som er i dagleg bruk. Dette er eit dilemma som kunst i offentlege rom ofte møter, han skal vere der og gjere forskjell samtidig som den daglege aktiviteten òg skal utfalde seg. Kunsten må dermed justerast og tilpassast aktiviteten og bruken i området elles *utan* å miste eigenarten sin.

Kunnskap er lik kunsten ikkje avslutta, verken som handling eller erfaring når han blir sett i sirkulasjon. Erkjenninga den enkelte har i møte med kunst, kan kommuniserast gjennom felles referansar, men opplevinga vil likevel vere individuell. Enkelt beskrive tek vi kunsten inn i fellesromma som subjektive erfaringar, der vi

bruker desse erfaringane til å utvikle felles samtalar og forståing oss imellom.

### Område

Det er i alt elleve ulike område for kunst på høgskolen. Desse er organiserte etter tid, frå lang tidshorison til kort, og strekkjer seg mellom faste, stabile område som *Fasade, Foajé, Kantine* og *Korridor*, der kunstverka er tett bundne saman med arkitekturen, til dei meir flyktige, flyttbare og kanskje mindre synlege. I den siste gruppa finn vi det utvalet har kalla *Gliper og mellomrom* og dei *Tidsavgrensede*.

Lang tidshorison beskriv uttrykk som har visuell slitestyrke over lang tid, og som samhandlar med arkitekturen og funksjonen til bygget. Kort tidshorison beskriv uttrykk som har evna til å «slå kilar inn i dagleglivet» i form av fagleg relaterte, sosiale eller politiske undersøkjande prosjekt og hendingar, teknologisk utfordrande eksperiment, forskingsbaserte kunstprosjekt og/eller performative arbeid og markante visuelle verk. Dette er *vågestykke* som kan aktivisere heile høgskoleområdet, også ikkje-fysiske rom og eksterne stader.



Kunstutvalet valde å halde kunsten utanom det travle golvarealet og heller ta i bruk veggflater eller volum. Teikning har med alle sine formale problemstillingar som romleg komponent, men knytt til flata, eit stort vokabular å ause frå. Utvalet inviterte derfor kunstnarar som arbeider med dette mediet.

## Verk med lang tidshorisont

### Fasade

På fasaden finn vi *Kobling* av Anne-Gry Løland, eit integrert verk uløseleg knytt til det arkitektoniske språket i bygget. Kunstverket aktiviserer det ystte laget av høgskolen, som består av perforerte aluminiumsplater med ei mørk vêrhud under. Desse er monterte på alle sidene av bygningen: administrasjonstårnet på ni etasjar, gavlane rundt bygningen og endeveggen mot plassen. Kobling er basert på tre lag historiske referansar: barokke mønstreførelegg, arkitektoniske element som takstolar og flate geometriske element. Sjølve teikningane blir framstilte av høl i tre ulike storleikar stansa ut av aluminiumsplatene som dekkjer fasaden. Her og der, særleg synleg langs trappetårnet, er det glas bak aluminiumsplatene. Då kan ein på innsida komme tett på det perforerte mønsteret, og opplevinga av motiv ein kan kjenne att, blir løyst opp i eit fili-gransarbeid ikkje ulikt blondgardiner. Dette er eit verk som er

berekna på å skulle sjåast både frå fjern og nær, som eit nesten leseleg motiv frå avstand og som eit flimrande filter av lys og skugge tett på. Ein viktig del av kunstverket er at motivet bryt med den stramme forma til bygningane.

### Foajé

Foajeen kan beskrivast som høgskolen sitt «torg». Han er samlingsstaden til skolen og slusa dei fleste går gjennom for å nå avdelingane sine eller ulike fellesareal. Området inneheld ein resepsjon, ein kafé og mindre sitjegrupper, og den største salen i bygget ligg ved foajeen. Rommet er luftig, dominert av store glasflater, breie trapper og skjermar for informasjon. Etter konkurranse blei forslaget frå Lutz-Rainer Müller og Stian Ådlandsvik valt. Dei beskriv det sjølve som eit prosjekt basert på «... verden som et fascinerende sted hvor poetiske, underfundige og tilsynelatende magiske resultater og sammenhenger kommer fra naturen, og at de kan reproduseres». Kunstverket er tredelt:  $60^{\circ}22'8,8''S$   $175^{\circ}20'59,83''W$ , ei projisert sol basert på banen til sola på det nøyaktig motsette punktet på jordkloden, Loop, ei linse som snur den synlege verda på hovudet, og ei såpeboblemaskin med tittelen *I Forget at Once or I Never Forget*.

Banen til sola er lettast å sjå om vinteren. Sidan årstidene er motsette av her, står denne sola tidleg opp og går seint ned i dei mørkaste månadene våre. Det motsette prinsippet gjeld òg banen sola følgjer, ho startar høgt på veggen, mot taket, og skifter høgd, storleik og farge avhengig av både tid på døgnet og årstid. Vald passering for sola er på den høge veggen i rommet som vender mot Inndalsveien.

Linsa, som teknisk sett blir utført som prisme, fyller eit sentralt vindaug mellom foajeen og hagen. Når ein nærmar seg vindaugsrekkja, anten ute i hagen eller inne i foajeen, vil *Loop* snu det ein ser, opp ned.

Såpeboblemaskina er eit sinnrikt konstruert apparat som krev kontinuerleg drift for å produsere nesten ingenting: ei såpeboble som kvart femte minutt svever ut over det store rommet, av kunstnarane beskrive slik: «En målrettet og planlagt produksjon av et tilsynelatende ubrukelig produkt som vil sprekke i løpet av svært kort tid bærer en rekke poetiske assosiasjoner angående økonomi, effektivitet og verdi generelt.»

### Kantine

Ein vegg i den delen av kantina som ligg nærast studenthuset, er avsett til ei veggteikning av Leonard Rickhard. Veggflata er over 11 m lang og 3,8 m høg, ligg i andre etasje og utgjør eit svært synleg felt, både frå gangbrua, frå sjølve kantinerommet og frå passasjen ute som koplar høgskolen med bustadene som ligg rundt. Teikninga, med tittelen *40 figurasjoner etter solnedgang*, er delt i ruter med ulike framstillingar av bygningar, maskiner og køyretøy. Motiva vil vere kjende frå resten av produksjonen til Leonard Rickhard, men dette er første gongen han arbeider på ei stor veggflate med teikning. Arbeidet er utført rett på veggen med akryltusj i hovudfargane oker, raud, grå og svart. Rickhard er oppteken av ornamentikken til flata, han understrekar korleis det gode ornamentet vil til flata og samtidig tek med seg rommet.

### Korridor

Korridoren i underetasjen er 60 meter lang. Han er både svært offentleg – før eller seinare vil han bli brukt av nesten alle som er innom skolen – og bortgøymd på same tid. Ingen vil opphalde seg der over lang tid, men mange vil vandre langs korridoren. Nirmal Singh Dhunsi har på heile denne veggen utført kunstverket *Koblingen mellom Østen, Vesten og Resten*, eit veggmåleri der det under og mellom ei lang rekkje av tre utfaldar seg åtte scener med figurar henta frå både norsk, amerikansk og indisk litteratur og mytologi. Trea, som fyller veggflata frå golv til tak, er teikna med enkle strekar. Figurane, haldne i eit avgrensa tal på sterke fargar, gøymmer seg mellom stammene og dannar ein serie med tablå langs heile

veggen. I den tronge korridoren vil det vere vanskeleg å sjå heile kunstverket på ein gong. Som tilnærming kan veggen sjåast som ein visuell bokrull eller frise som kan lesast begge vegar, men der den konkrete lengda sprengjer formatet til boka. For kunstnaren er denne skogen òg ein metafor for verda som ein global jungel, der det kjende møter det ukjende, og der overraskande ting skjer, ei verd vi alle må ta stilling til og gjere opp egne meiningar om før vi kan komme vidare inn i henne.

### Lesesal

Dette rommet er luftig og høgt under taket, med karakteristiske vegger der både den gamle bygningsmassen og nye materiale får dominere. Lesesalen er meint for individuell fordjuping, men har samtidig plass for gjennomgang og innsyn. Den eine veggflata, dekt med svarte akustiske plater, kan opplevast frå biblioteket, frå kulturaksen som passerer i andreetasjen, og gjennom vindauga frå ei sosial sone i andreetasjen. På denne veggen har Kim Hiorthøy montert over hundre ulike figurar, skorne ut i kryssfiner og måla. Verket har tittelen *Liste* og kan sjåast som nettopp det: ei liste over alt ein har bruk for, alle vala ein må ta, alle dei tinga vi kan oppleve, hugse eller gløyme, menneske vi møter – ei form for inventaroversikt over livet. Tilsvarande som hos Rickhard og Dhunsi er verket òg ei formal undersøking, der teikninga utspeler seg mellom rom, flate og ornamentikk.

### Fuge

Päivi Laakso blei invitert til å utfalde seg på ein av dei sosiale stadene på Kronstad: eit rom i tredje etasje med dobbel høgd, mellom avdelingane for lærarutdanning og ingeniørfag. Ho er kjend for eit fantasirikt, figurativt eggjande og ofte fargesterkt språk. Heile rommet, alle tilgjengelege veggflater og vindaugskarmar og korridoren ved sida av er tekne i bruk. Teikningane er utførte med pensel i ulike fargar på vegger i to grå valørar og i tillegg sterke fargar i korridoren. Figurane rører seg fritt over flatene og dannar rytmiske figurar mellom seg og arkitekturen, det er òg fleire lag av mindre figurasjonar på hovudfigurane. Laakso har basert teikningane på ein serie av skisser utførte i raskt tempo – ho seier sjølv at figurane nærast strøymde ut og overraska henne med den intense vitaliteten sin. Kunstverket har tittelen *The Way We Move*.

### Glipar og mellomrom

Kunstutvalet ønskte seg, i tillegg til dei store og markante verka, nokre som var nesten usynlege, verk ein kanskje etter fleire år i same bygget plutsleg legg merke til, eller som er tydelege nok, men samtidig gåtefulle, gjerne humoristiske og med ein viss innbygd skrøpelegdom. Snorre Ytterstad blei invitert til å fylla denne sekkeposten. Han har, etter fleire synfaringar, komme med fram-

legg til i alt fire verk. To av desse er monterte i kantina, lett skjulte: *Target Sculpture #2 & #4*. Eitt verk er integrert i bygningskroppen gjennom å kutte i overflata: *Cut #6*, med undertittelen *Armlengdes avstand*, eit verk der eit kronestykke transformert til sagblad kuttar eit sirkulært spor i veggen før krona – utsliten av påkjenninga – blir sett fast i sporet. Det vil komme eit verk til som ein del av dei temporære prosjekta.

### Samlinga

Høgskolen eig ei ganske stor samling kunst frå før. Delar av denne har kunstutvalet teke ansvar for. I alt 160 verk er organiserte og monterte i nokre av dei offentlege områda på skolen. Formålet er å ta vare på det som òg har vore målet til høgskolen med samlinga: å formidle kunst og kunstnariske teknikkar, særleg innan grafikk og måleri, til studentane ved skolen. Utvalet har valt å henge samlinga i blokker eller klyngjer med fleire verk. Somme av desse blokkene er store, som den 20 meter lange veggen i idrettsbygget, der store delar av grafikken i svart/kvitt er samla med vekt på kronologi og motivkrets. Dei fleste av måleria er hengde samla i ei sosial sone med ein vegg i dobbel høgd, der verka både kan sjåast tett på og som eit felt frå avstand. Samlinga med kart og eldre prospekt er òg montert samla. I tillegg til å sjå korleis Bergen har utvikla seg over hundreåra, kan ein studere korleis perspektiv og metodar for å skildre landskap har endra seg. I samlinga er det enkelte sentrale verk som har fått ei god synleg plassering i nokre av dei mest offentlege romma på skolen. Andre verk smyg seg inn mellom kontor og trappekjerner. Det er òg gjort innkjøp av 31 nye verk som supplerer den eksisterande samlinga, i tillegg til at skolen har overteke skisser og arbeidsteikningar frå Dhunsi og Rickhard.

### Verk med kort tidshorisont

#### Tidsavgrenset

*Tidsavgrenset* skal engasjere. Kunstutvalet ser her etter kunst som evnar å «slå kilar inn i dagleglivet» i form av fagleg relaterte, sosiale eller politiske undersøkjande prosjekt og hendingar, teknologisk utfordrande eksperiment, performative, auditive og markante visuelle arbeid. Ikkje alt i eitt verk, men som ein overbygning for heile kunstprosjektet. Kunstprosjektet startar først opp hausten 2015, eit år etter at høgskolen opnar, og strekkjer seg tre skoleår fram, ut våren 2018. Verk blir i hovudsak valde etter ein open idékonkurranse.

Ambisjonen med kunstprosjekt innanfor ramma *Tidsavgrenset* er å aktivisere den daglege verksemda, samfunnsoppdraget og ambisjonane til skolen.

## PROSJEKTADMINISTRASJON KUNSTPROSJEKTET

### ■ Kunst i offentlige rom (KORO)

Mari Aarre (2010-2013)  
Harald Fenn (2013-2014)  
Stine Arnet Høyem (2014)

### ■ Kunstutvalet

**Kunstkonsulentar**  
Sissel Lillebostad (leiar)  
Trond Hugo Haugen

### Brukar

Eli Bergsvik,  
Høgskolen i Bergen  
Victoria Mohn, student  
Einar Goksøyr Åsen,  
student  
Eduardo Lillo, student

### Arkitekt

Gudrun Molden,  
hlml arkitektur

### Byggherre

Kari Høvik

### ■ Kunstverk

**Fasade:**  
*Kobling*  
(integrert kunstverk)  
Anne-Gry Løland

### Foajé:

Lutz-Rainer Müller og  
Stian Ådlandsvik:  
60°22'8,8"S  
175°20'59,83"W  
(projisert sol)

*Loop*  
(prisme)

*I Forget at Once or I Never  
Forget*  
(såpeboblemaskin)

### Kantine:

*40 figurasjoner etter  
solnedgang*  
(teikningar på vegg)  
Leonard Rickhard

### Korridor:

*Koblingen mellom Østen,  
Vesten og Resten*  
(veggmåleri)  
Nirmal Singh Dhunsi

### Lesesal:

*Liste*  
(figurar monterte på vegg)  
Kim Hiorthøy

### Fuge:

*The Way We Move*  
(teikningar på vegg)  
Päivi Laakso

### Glipar og mellomrom:

*Target Sculpture #2 & #4  
Cut #6 (armlengdes avstand)*  
(integrerte i bygnings-  
kroppen)  
Snorre Ytterstad